

Forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle, utgiftsdekning og velferdsgoder, Tysvær kommune

Hjemmel: **Fastsatt av kommunestyret i Tysvær xx.xx.2023** med hjemmel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 8-3, § 8-4, §8-5, § 8-6, §8-7. §8-8, §8-9 og § 8-10.

§ 1 Formål

Forskrifta legg til rette for brei rekruttering til tillitsverv som folkevald i Tysvær kommune gjennom økonomiske ordningar som følgje av vervet.

§ 2 Virkeområde ~~Kva møter reglement gjeld for~~

Forskrifta gjeld regulering av godtgjersle, **utgiftsdekning og velferdsgoder** for dei folkevalde i Tysvær kommune

Godtgjersle vert gitt for møter medlem eller varamedlem deltek på ~~etter formell innkalling, herunder på møter~~ i kommunestyre, formannskap, faste utval, **råd** og komitèar som er oppretta av kommunestyret eller andre folkevalde organ, jf kommunelova kap. 5.

Dersom ikkje anna er fastsett ved lov eller føresegn, skal det ytast ~~møtegodtgjersle og/eller leiargodtgjersle~~ **godtgjersle** etter desse reglane når det føreligg ei formell innkalling og saksliste til møte. Det er vidare ei føresetnad at det vert ført møteprotokoll eller referat.

Folkevalde representantar som kommunen har oppnemnt i interkommunale eller regionale styrer, råd og utval skal godtgjerast etter forskrifta dersom føretaket sjølv ikkje utbetalar godtgjersle. Den folkevalde må i desse tilfella sjølv levere inn krav om møtegodtgjersle, og legge ved protokoll eller referat som dokumentasjon for oppmøte.

Godtgjersle til røystestyre som vert oppretta i samband med valavikling vert ikkje omfatta av denne forskrifta, men vert fastsett i eiga sak til valstyret.

Møtegodtgjersle kan vidare utbetalast når medlemmer i eit utval vert utpeika/valde til å delta på kurs, konferansar eller studieturar. **Godtgjersle ved** slik deltaking skal godkjennast av ordførar på førehand.

~~Politisk sekretariat skal til ei kvar tid ha oversikt over kva styrer, råd og utval som Tysvær kommune har oppnemnd representantar til, og kven som er valde.~~

~~§ 1-4 Forfall~~

~~Trekk i fast godtgjersle pga forfall og utbetaling av fast godtgjersle til varamedlem er innarbeida i §§6-4 og 6-5 om faste godtgjersle~~

~~Dersom folkevalde melder forfall eller er fråværande frå meir enn 25% av møta, fører det til at den faste godtgjersla vert redusert med 25%. Ved forfall eller fråvær frå meir enn 50% av møta skal den faste godtgjersla reduserast med 50%, og ved meir enn 75% forfall eller fråvær reduserast med 75%.—~~

~~Varamedlem som møter på meir enn 25/50/75% av møte skal tilsvarande ha utbetalt hhv 25/50/75% fast godtgjersle. Her skal kvart utval avreknaast for seg.—~~

~~Når forfallet er grunna anna offentleg oppdrag for Tysvær kommune skal dette ikkje føra til redusert fast godtgjersle.—~~

~~Forfall ut over 25/50/75% av møta skal avreknaast innafor ein periode på 6 månadar og i samband med utbetaling av møtegodtgjersle. Det vil seie forfall innafor periodane desember-mai og juni-november. Forfall frå møter i kommunestyret, formannskap, kommuneplanutvalet, hovudutval m.v vert avrekna kvar for seg.—~~

~~For medlemmer i kommuneplanutvalet (formannskap + hovudutvalsleiarar) skal det ved avrekninga sjå på det totale forfallet frå formannskap/ levekår/teknisk og kommuneplanutvalet.—~~

§ 3-1 Generell møtegodtgjersle

For møter i kommunestyre, formannskap, kommuneplanutvalet, levekårutvalet og teknisk utval er møtegodtgjersla sett til **kr 1 500** ~~kr 1-200,-~~ per møte. For møter i andre folkevalde og kommunale organ, oppretta etter kommunelova kap. 5, er møtegodtgjersla sett til **kr 1200,-** ~~kr 1000,-~~ per møte.

§ 3-2 Godtgjersle for enkeltsaker

Når vararepresentantar møter i enkeltsaker, t.d. ved varsel om inhabilitet eller delvis forfall, skal det utbetalast **kr 600,-** ~~kr 500,-~~ i møtegodtgjersle.

§ 3-3 Fungerande møteleiar

~~Dersom møteleiar har forfall skal fungerande møteleiar ha utbetalt dobbel møtegodtgjersle. Ved lengre forfall, sjå punkt 1.4.—~~

§ 3-4 Fleire påfølgande møter

~~Kommunale utval kan være oppnemnt til å ivareta fleire funksjonar, dvs. at utvalet sine medlemmer er valt til fleire utval. Når det for slike utval vert halde møte etter kvarandre, og føresetnadande i pkt. 1.3 føreligg, skal det utbetalast ordinær møtegodtgjersle for eit møte og kr 500,- for dei øvrige møta~~

Formannskapet sine medlemmer er oppnemnd til å ivareta fleire funksjonar, dvs at formannskapet sine medlemmer er valt til fleire utval. Når desse utvala har møte same dag som formannskapet skal det utbetalast ordinær møtegodtgjersle for formannskapet,

og kr 600,- for dei øvrige møta. Dette gjeld for utvala tiltak- og næringsfondet, valstyret og administrasjonsutvalet (ADMU).

§4 Godtgjersle til ordførar

Ordførar i heil stilling skal ha ei årleg godtgjersle tilsvarande 110% av årleg godtgjersle til stortingsrepresentantane, og følgje deira godtgjersleutvikling.

Ved redusert stilling vert godtgjersla redusert tilsvarande.

Godtgjersla skal dekke alle oppdrag som ordføraren utfører for kommunen. Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle i tillegg til fast godtgjersle.

§5 Godtgjersle til varaordførar

Godtgjersle til varaordførar vert sett til 25% av ordførar si godtgjersle.

Godtgjersla skal dekke alle oppdrag varaordføraren utfører for kommunen, inkludert representasjon og stedfortredarfunksjon i ordføraren sin ferie.

Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle i tillegg til fast godtgjersle. Varaordførar har, jf. kommunelova §8-3, rett på tapt arbeidsforteneste etter §18 i denne forskrifta.

Er varaordføraren i tillegg gruppeleiar kjem denne godtgjersla i tillegg.

§ 6-1 Faste godtgjersler til hovudutvalsleiarar

Det vert utbetalt følgjande fast årleg godtgjersle:

Leiar av teknisk utval:	kr 60 000,-
Leiar av levekårsutvalet:	kr 60 000,-

Godtgjersla dekkjer leiar si nødvendige kontakt med leiar(ar) for vedkommande forvaltningsgrein. Det vert utbetalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

§ 6-2 Faste godtgjersler til andre leiarar

Det vert utbetalt fast årleg godtgjersle til leiarar av følgjande styrer, råd og utval:

Leiar av kontrollutvalet:	kr 30 000,-
Leiar av eldrerådet:	kr 10 000,-
Leiar av råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	kr 10 000,-
Leiar av ungdomsrådet:	kr 10 000,-
Leiar av klagenemd for eigedomsskatt:	kr 30 000,-
Leiar av sakkyndig nemnd for eigedomsskatt:	kr 30 000,-
Leiar av det kommunale klageutvalet:	kr 5 000,-
Gruppeleiarar i kommunestyret:	kr 10 000,-

Det vert utbetalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

§ 6-3 Andre faste godtgjersler

Det vert utbetalt fast årleg godtgjersle til medlemmer i følgjande styrer, råd og utval:

Medlemmer i formannskapet*	kr 60 000,-
Medlemmer kun i kommunestyret**	kr 25 000,-
Medlemmer kun i teknisk utval eller levekårutvalet	kr 25 000,-
Medlemmer både i kommunestyret og teknisk utval/levokårutvalet***	kr 35 000,-

* gjeld ikkje ordførar og varaordførar

**gjeld medlemmer i kommunestyret som ikkje har fast plass i hovudutval eller formannskap.

***gjeld ikkje hovudutvalsleiarar

Det vert utbetalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

§ 6-4 Trekk i fast godtgjersle

[Sjå pkt 1-4 for dagens reglar](#)

Dersom folkevalde melder forfall eller er fråværande frå meir enn to møter pr. halvår, fører det til at den faste godtgjersla vert redusert med kr 2 000,- pr møte, frå og med det tredje møte.

Det vil seie at ved forfall frå tre møter vert den faste godtgjersla redusert med kr 6 000,-, forfall frå fire møter redusert med kr 8 000,- osv.

Forfall og trekk i fast godtgjersle skal avreknast innafor ein periode på 6 månadar, og i samband med utbetaling av møtegodtgjersle, jf. §19.

Når forfallet er grunna anna offentleg oppdrag for Tysvær kommune skal dette ikkje føra til redusert fast godtgjersle.

§ 6-5 Utbetaling av fast godtgjersle til varamedlemmer

[Sjå pkt 1-4 for dagens reglar](#)

Varamedlemmer som møter i meir enn to møter pr halvår skal få utbetalt fast godtgjersle tilsvarande trekk i §5-3.

Det vil seie at dersom eit varamedlem møter i tre møter får vedkommande utbetalt kr 6 000,-, møter hen i fire møter vert utbetalinga kr 8 000,- osv.

Utbetaling av fast godtgjersle til varamedlem skal avreknast innafor ein periode på 6 månadar, og i samband med utbetaling av møtegodtgjersle, jf. §19.

§ 7 Kjøre- og reiseutgifter

Skyss-, kost og overnattingsutgifter for reise i samband med kommunale tillitsverv vert dekkja i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ.

Reisegodtgjersle vert gitt for reiser til møter som er omfatta av denne forskrifta.

~~I tillegg vert det gitt reisegodtgjersle til kommunestyremedlemmer og dei to fyrste varamedlemma til gruppemøter før formannskapsmøter og kommunestyremøter.~~

I tillegg vert det for kommunestyremedlemmer, dei to første varamedlemmene til kommunestyret og faste medlemmer i hovudutval gitt reisegodtgjersle til gruppemøter i forkant av møter i hovudutval, formannskapsmøter og kommunestyremøter.

Reiserekningar skal sendast politisk sekretariat. **Reiserekninga kan sendast ved behov, og seinast kvart halvår.** Reiseutgifter som er eldre enn seks månadar ved innlevering vil ikkje bli utbetalt.

§ 8 Bompengar

Ordførar kan velje å inngå avtale om å få dekkja bompengabonnement (oppgåvepliktig) for Haugalandspakken ~~og T-forbindelsen~~ eller få dekkja bompengeutgifter som ved vanleg føring av kjøre- og reiseskjema.

§ 9 Telefon- og internettgodtgjersle

Ordførar og varaordførar får fri mobiltelefon etter kommunen sitt til ei kvar tid gjeldande reglement.

~~Før dei som har utbetalt fast godtgjersle jf. §5 er telefongodtgjersla inkludert i den faste godtgjersla.~~

Ordførar får dekkja breiband/internetttilgong etter kommunen sitt til ei kvar tid gjeldande reglement.

§ 10 Avis/ tidsskriftabonnement

Ordføraren får dekkja to avisabonnement.

Medlemmer i formannskap, hovudutvalsleiarar og leiar i kontrollutvalet får abonnement på Kommunal Rapport

§ 11 Feriepengar

Folkevalde får godtgjersle, og er ikkje arbeidstakarar i Tysvær kommune. Fokevalde har ikkje rett på feriepenger.

§ 12 Gruppelivs- og ulykkesforsikring

Ordførar skal ha same ordning for gruppelivs- og ulykkesforsikring som gjeld for dei fast tilsette i Tysvær kommune.

§ 13 Sjukelønsordning

Folkevalde som har vervet som sitt hovudvirke har same rett til sykepengar som tilsette i kommunen, jf kommunelova §8-8. Ved sjukemelding utover 16 dagar vil Tysvær kommune utbetale mellomlegget mellom full godtgjersle og 6G.

§14 Permisjonar

Folkevalde som har vervet som sitt hovudvirke kan etter søknad få permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven § 12-1 til §12-10, §12-12 og §12-15, jf kommunelova §8-10.

Under permisjonen beheld de folkevalde godtgjersla inntil to veker, med mindre dei gir avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved sjukdom hjå barn og barnepassar, har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

Den folkevalde må sjølv søke NAV om yting knytt til permisjonar i medhald til arbeidsmiljølovens kapittel 12. Har den folkevalde krav på godtgjersle utover 6G, skal Tysvær kommune betale mellomlegget mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt frå folketrygda, og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

§15 Etterløn-/ venteløn

Folkevalde som har vervet som sitt hovudvirke, kan ved fråtrede av vervet søke om ettergodtgjersle i:

- a) 1,5 månad dersom vedkommande har ein jobb å tiltre etter endt teneste
- b) 3 månadar dersom vedkommande ikkje har ein jobb å gå til

Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå.

§ 16 Pensjon

Kommunestyret gjorde i sak 14/14 følgjande vedtak:

- Tysvær kommunestyre vedtar pensjonsordning for folkevalde tilsvarande tenestepensjonsordninga for offentleg tilsette.
- det blir sett ei nedre grense for medlemskap til 1/3 av godtgjersle for full stilling.
- folkevalde får tilbod om same AFP-ordning som for tilsette.

Ein eventuell endring i pensjonsordninga skal opp som eiga sak i kommunestyret.

§ 17 Vederlag for utlegg

Utgifter som folkevalde har til å dekke stedfortredar til omsorgsoppgåver som pass av barn, stell av sjuke og eldre m.v. i samband med kommunalt verv vert dekka på følgjande måte :

- a) ulegitimerte utgifter vert dekka med inntil kr.100,- pr. time.

b) legitimerede utgifter vert dekkja med inntil kr. 1200,- pr. dag (maks 1200,- pr. døgn).

Originalbilag for dei aktuelle utgiftene skal leggast fram som legitimasjon.

Utgifter til barnepass vert dekkja til og med det året barnet fyller 12 år. Denne avgrensinga gjeld ikkje for barn som er fysisk eller psykisk funksjonshemma.

§18 Tap arbeidsforteneste

Medlemer og varamedlemmer i politiske og kommunale utval som er omfatta av denne forskrifta, har rett til å få utbetalt kompensasjon for tap i arbeidsinntekt etter følgjande retningslinjer:

- inntil kr 4.000,- for kvart møte/reisedag for tap i arbeidsinntekt eller utlegg til vikar når dette kan legitimerast.
- inntil kr 1.200,- for kvart møte/reisedag til dekning av tapt arbeidsinntekt som ikkje kan legitimerast, men likevel er sannsynleg.

~~Dette kan t.d. vera ein lønstakar som må ta arbeidet att time for time utanom vanleg arbeidstid, eller ein næringsdrivande som og må ta arbeidet att utan å kunna legitimere dette).~~

Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt vert kun unntaksvis erstatta.

~~Folkevalde i Tysvær kommune som også er tilsett i Tysvær kommune skal søke om permisjon for utøving av kommunalt tillitsverv.~~

For sjølvstendig næringsdrivande skal det framleggast siste godkjende sjølvmelding eller stadfesting frå rekneskapsførar.

Den som har rett til møtegodtgjersle etter dette kapitlet må sjølv setja fram krav om dette på eige skjema. Det bør berre unntaksvis komme krav for møte som vart halde lengre enn seks månadar sidan.

Dekking av tap av inntekt kjem i tillegg til ordinær møtegodtgjersle.

§ 19 Utbetalingstidspunkt og justeringar

Utbetaling av møtegodtgjersle etter denne forskrifta skjer på grunnlag av møteprotokollar. Godtgjersla vert utbetalt to gonger pr år. Godtgjersle for møter i perioden desember – mai vert utbetalt i juni, medan godtgjersle for møter i perioden juni – november vert utbetalt i desember.

Årleg fast godtgjersle til ordførar, varaordførar, og fast godtgjersle etter §§ 6-1 og 6-3 i forskrifta vert utbetalt i faste månadsterminar.

Fast godtgjersle etter §6-2 vert utbetalt to gonger årleg ~~sjå første avsnitt.~~

Utbetaling av tapt arbeidsforteneste (§18), vederlag for utlegg (§17) og kjøre- og reisegodtgjersle (§7) vert utbetalt etter innsendte krav. Frist for innlevering for tapt arbeidsforteneste er den 20. i kvar månad for utbetaling den påfølgjande månad. Frist for

elektronisk innlevering av kjøre- og reisegodtgjersle er den siste arbeidsdagen i månaden.

Justering av ordfører si faste godtgjersle skjer som ei følge av endring i stortingsrepresentantane si lønn. Varaordfører si godtgjersle vert justert tilsvarande.

§20 Ymse Tolkning

Spørsmål om tolkning av folkevalde sine arbeidsvilkår og forståing av føresegnene i denne forskrifta skal handsamast av ordfører i samråd med rådmannen.

Ved tvil om føresegnene i forskrifta kan saken leggest fram for formannskapet til avgjerd.

~~Spørsmål eller tvilstilfeller om fortolking av forskrifta et skal leggest fram for ordfører. Dette gjeld også spørsmål om dokumentasjon av inntektstap. Avklaringar på prinsipielle spørsmål/tvilstilfelle skal leggest fram for formannskapet til endeleg avgjerd.~~

§10 Ikrafttredelse

Forskrifta trer i kraft frå det konstituerande møte for nytt kommunestyret, 19.10.23.